



HJELMELAND
KOMMUNE

Saksframlegg

«Beskrivelse»

«Paragraf»

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Kleppa, Torborg	K2 - S11	14/1932

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
016/19	Formannskapet	PS	06.03.2019

HØYRING - NY PLANENDRING - BLÅFJELL PUMPE

Vedlegg:

0119 Uttale Blåfjell pumpe planendring (L)(569297)(1).pdf

Kopi - Uttale til ny planendringssøknad - Blåfjell pumpe med overføring til Blåsjømagasinet

Kopi - Uttale til høyring ny planendringssøknad for Blåfjell pumpe, Hjelmeland kommune

Høring av ny planendringssøknad - Blåfjell pumpe med overføring til Blåsjømagasi 2568891_1_1

SV HASTER - VS Blåfjell-pumpe - økonomiske konsekvenser av planendring for Hjelmeland kommune

Blåfjell-pumpe - økonomiske konsekvenser av planendring for Hjelmeland kommune

2019-02-14 Vurdering av forslag til planendring_økonomisek konsekvenser

Forslag til vedtak:

Av omsyn til villreininteressene i området ønskjer Hjelmeland kommune at ny planendring for Blåfjell pumpe ikkje blir godkjent.

Vidare ber kommunen om at Blåfjell pumpe og eventuelt andre opprustings- og utvidingsmuligheter (O/U) blir vurderte i større samanheng i samband med miljørevisjon av Ulla-Førre-konsesjonen.

Hjelmeland, den 15.01.2019

Wictor Juul
Rådmann

Formannskapet - 016/19

FSK - behandling:

Behandling:

Røysting:

Samrøystes i samsvar med forslag til vedtak.



HJELMELAND KOMMUNE

FSK - vedtak:

Av omsyn til villreininteressene i området ønskjer Hjelmeland kommune at ny planendring for Blåfjell pumpe ikkje blir godkjent.

Vidare ber kommunen om at Blåfjell pumpe og eventuelt andre opprustings- og utvidingsmuligheter (O/U) blir vurderte i større samanheng i samband med miljørevisjon av Ulla-Førre-konsesjonen.

Saksopplysninger:

Samandrag

NVE har sendt på høyring ny søknad frå Statkraft om endring av planane for utbygging av Blåfjell pumpe. Rådmannen tilrår at kommunen ikkje tilrår den nye planendringa, av omsyn til villreininteressene. Vidare at Blåfjell pumpe og andre O/U-prosjekt blir vurdert i samband med miljørevisjon av Ulla-Førre – konsesjonen.

Fakta

NVE har sendt på høyring ny søknad frå Statkraft om endring av planane for utbygging av Blåfjell pumpe.

Heile det omsøkte anlegget ligg i Hjelmeland kommune, og kommunen har også tidlegare gitt uttale til utbyggingsplanane. Første gong kommunen uttalte seg var til konsesjonssøknaden i 2009. Då var uttalen positiv, med innspel til nokre miljøforbetrande tiltak. Det blei gitt konsesjons til utbygginga ved kgl.res i 2013.

Kommunen har gitt uttale til seinare endringar av planane og sist til detaljplanar for utbygginga i 2017.

Det er i utgangspunktet søkt om konsesjon for å overføra fleire mindre vatn og Trolltjørna til Stora Blåfjellvatnet, og å pumpa vatn frå Stora Blåfjellvatnet opp til Stora Gjilavatnet (Blåsjø). I tillegg skulle eit par mindre vatn overførast direkte til Blåsjø.

Det blei søkt om dispensasjon frå LNF-føremålet i 2015, etter ein detaljplan som innebar pumpestasjon i dagen ved Stora Blåfjellvatnet og anleggsveg langs Gjilavatnet og ned til Blåfjellvatnet. Vannvegen var planlagt delvis med tunnel og delvis med nedgravde røyr. Kommunen ga dispensasjon og uttalte seg positivt til den omsøkte detaljplanen for miljø og landskap. Detaljplan for heile anlegget blei godkjent i 2016.

Tidleg i 2017 sende NVE ut på høyring søknad om endring av planane. Statkraft søkte om endra planar der dei tok ut tre mindre felt, Blåfjell pumpe blei planlagt bygd inne i fjellet, vannvegen som ein samanhengande tunnell frå Stora Blåfjellvatnet til Blåsjø og straumtilførsel i kabel frå Førrevassdammen i staden for luftspenn til Førre. Endringa medførte også at massar frå tunnellen skulle nyttast til å laga ein terskel i Stora Gilavatnet som kunne gjera det lettare for villrein å kryssa over. I kommunen sin uttale til denne endringa peikar ein på at det er positivt at pumpestasjonane er lagt i fjell og at det blir etablert ei fylling som villrein kan nytta som passasje over Store Gilavatnet.

Då nye vurderingar av planane som er godkjende viser at det ikkje vil gi lønsemd har Statkraft justert planane.



HJELMELAND KOMMUNE

I høringsbrevet frå NVE står det følgjande om den omsøkte planendringa:

«Planendringen består i hovudsak av vesentlige reduksjoner i fjellarbeider, der tunneler reduseres til et minimum og i størst mulig grad erstattes av borehull. Pumpestrekningen (tunnel/borehull) fra Stora Blåfjellvatnet til Stora Gilavatnet (Blåsjømagasinet) forkortes vesentlig ved at den deles opp i to strekninger der Litla Gilavatnet benyttes som del av vannveien. Bygging av to pumpestasjoner i stedet for en og pumpemagasin i Litla Gilavatnet medfører nye arealinngrep. Samtidig vil planendringen føre til redusert behov for massedeponier, bedre miljømessig plassering av Blåfjell pumpe samt vesentlig kortere anleggsperiode. Det vil heller ikke være behov for vei langs Store Gilavatnet. I planendringen inngår at en del av et lite felt som skulle overføres ved selvføll til Blåsjø ved Førrevassdammen ikke gjennomføres. Gjennomføringen etter revidert plan vil gi 47,1 GWh økt produksjon i Ulla-Førre – anleggene, mot 47,4 GWh etter tidligere konsesjonsgitt løsning. Statkraft mener planendringen vil være positiv sett ut i fra et natur- og miljøperspektiv.»

Hjelmeland, Suldal og Bykle kommunar har gått i saman og kravd miljørevisjon av konsesjonsvilkåra for Ulla-Førre-anlegga. NVE har oversendt kravet til Statkraft AS for kommentar som hadde frist for å gi sin uttale i november 2018.

Lovar, føresegner, rundskriv

Vassressurslova

Vassdragsreguleringslova.

Økonomiske konsekvensar

Utbygging av Blåfjellpumpe vil mest truleg gi kommunen inntekter. For kommunen vil den omsøkte endringa ikkje utgjera ei vesentleg endring i økonomisk vederlag kontra tidlegare omsøkte løyvingar. Me viser elles til vedlagde notat frå Lund & Co.

Gjeldande planar, retningslinjer og vedtak

Kgl.res. 14.06.2013 - Tillatelse til bygging av Blåfjell pumpe

SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ LNF-FØREMÅLET - BLÅFJELL PUMPE - OVERFØRING TIL BLÅSJØMAGASINET – AFU-sak 107/15.

Kgl.res. 01.09.2017 - Tillatelse til planendring -Bygging av Blåfjell pumpe med overføring av vann til Blåsjømagasinet i Ulla-Førreanleggene i Hjelmeland kommune.

Innkomne uttalar

Me har motteke kopi av høringsuttale frå Fylkesmannen i Rogaland, Suldal kommune; Villreinnemnda for Setesdalsområdet og Verneområdestyret for Setesdals Vesthei og Ryfylkeheiane. Alle desse har gitt negativ uttale til den omsøkte planendringa.

Vurdering og konklusjon

Vannkraft er grøn energi, og nye vannkraftprosjekt som ei utviding av eller betre utnytting av eksisterande anlegg er ofte positivt. Alle vannkraftprosjekt må likevel vurderast i høve til miljøkonsekvensane. Hjelmeland kommune har frå me ga uttale til konsesjonssøknaden for Blåfjell pumpe første gong i 2008 og fram til denne planendringa, forsøkt å vega omsynet til behovet for ny fornybar energi mot miljøomsyn. Først og fremst omsyn i forhold til villrein og friluftsliv.

Med utgangspunkt i det konsesjonssøkte prosjektet har seinare endringar i planane for Blåfjell pumpe for ein stor grad vore endringar som har redusert dei negative miljøkonsekvensane. Difor



HJELMELAND KOMMUNE

har kommunen heller ikkje hatt særlege innvendingar mot endringane. Førre planendring medførte at pumpestasjonen ved Stora Blåfjellvatnet blei flytta inn i fjellet og at steinmassar frå tunnel-arbeid skulle nyttast til å laga ein terskel i Stora Gilavatnet som kunne det gjera det lettare for villrein å passera her. I det nåverande endringsforslaget er det kome inn ein ny pumpestasjon, og begge stasjonane ligg delvis i dagen. Vidare er den planlagde fyllinga tatt bort som følgje av mindre tunnel-masse. Kommunen meiner dei planlagde endringane er uheldige i forhold til villrein. Villreinstamma i Setesdal – Ryfylke villreinområde er allereie sterkt prega av inngrep i samband med kraftutbygging. Områda ved Blåfjell blir bruka mindre regelmessig og av færre dyr enn før Ulla-Førre utbygginga, og ei kvar tilleggsbelastning i dette området er derfor til ulempe for villreinen. Bygging av to nye pumpestasjonar som vil ligge ute i dagen vil skape nye vandringshinder, og dersom det i tillegg er knytt lys- og/eller lydureining til pumpestasjonane vil villreinen truleg ikkje bruke området etter utbygginga. I tillegg er og eit positivt villreintiltak som terskelen over Store Gilavatnet tatt ut. Det er difor ikkje utan grunn at Villreinmenda for Setesdalsområdet, Verneområdestyret for Setesdals vesthei – Ryfylkeheiane (SVR), Fylkesmannen i Rogaland og Suldal kommunen har uttalt seg negativt til den omsøkte planendringa.

På den pluss-sida kjem at anleggsperioden blir kortare med dei nye planane. Det er sjølvsagt positivt, då forstyrringane er store under anleggsperioden. Den planlagde anleggsvegen blir ikkje bygd, og følgjeleg mindre fysiske inngrep i naturen. Når det gjeld vegen har kommunen tidlegare vore positiv til denne, og ønska at denne kunne vera tilgjengeleg for dei som har sauene sine i området etter at anleggsperioden var over. Statkraft på si siden har planlagt den som ein mellombels anleggsveg som skulle førast tilbake til naturen etter ferdig anlegg. Nå er altså planen å ikkje byggja veg i det heile.

Oppsummert meiner rådmannen at dei omsøkte endringane gir større ulemper for villreininteressene og for friluftslivet, enn det utbyggingsalternativet som er godkjent. Me registrerar at Statkraft ser ut til å meina at pumpestasjonen ved Blåfjellvatnet får ei betre miljømessig plassering. Det er ikkje opplagt for rådmannen at to pumpestasjonar delvis i dagen er betre enn ein inne i fjellet.

Utfordringa for Statkraft er at den planlagde og sist godkjende utbyggingsløyisinga ikkje gir lønsemd. For dei kan alternativet til å få godkjent denne planendringa vera at dei skrinlegg planane om Blåfjell pumpe. Det medfører for det første at 47 MWh årleg produksjon ikkje blir noko av. Dersom ein først og fremst er oppteken av at det blir produsert grønn energi, så er det uheldig. For kommunen vil det også kunne bety at ein går glipp av inntekter. Av omsyn til villreininteressene og friluftslivet er det positivt om utbygginga av Blåfjell pumpe blir skrinlagt.

Forholdet til miljørevisjon av Ulla-Førre- konsesjonen:

Det er sett i gong ein prosess for å få revidert miljøvilkåra knytt til Ulla –Førre konsesjonen. I oversendingsbrevet frå NVE til Statkraft, blir Statkraft bedt om å vurdere om det er opprustings- og utvidingsmuligheter (O/U) og eventuelt gode løysingar knytt til revisjonskravet. Rådmannen meiner at når Blåfjell pumpe ikkje er blitt utbygd før, så bør ein avvente fleire endringar av den gitte konsesjonen for Blåfjell pumpe, og sjå dette prosjektet i større samanheng i revisjonssaka.



**HJELMELAND
KOMMUNE**

Konklusjon:

Rådmannen meiner at den omsøkte planendringa mest truleg vil gi negative konsekvensar for villreininteressene samanlikna med tidlegare godkjent plan. Konsekvensen av at Statkraft AS ikkje for godkjent planendringa kan vera at Blåfjell pumpe ikkje blir utbygd, med påfølgjande konsekvens at ein går glipp av 47, 1 MW rein energi og at kommunen går glipp av økonomisk kompensasjon som vert for anlegget. Likevel meiner rådmannen at ein bør ta om syn til dei negative konsekvensane for villrein, og at dei fleste andre relevante uttalepartar i saka gir negativ uttale til planendringa. Vidare bør dette utbyggingsprosjektet sjåast i samanheng med revisjonssaka for Ulla – Førre – konsesjone, og vurderast i ein større samanheng.